




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Folkemøte – Kryssing av Nørdre Vaulen – Seglingshøgde



2025.05.14 Prosjektleder Ragnhild H. Relling og planleggingsleder Mads Brevik

AGENDA

- Velkommen/bakgrunn
- Reguleringsplan
- Moglegheitsstudie, alternativ 1, 2 og 8
- Vedtak i Fylkestinget
- Litt informasjon frå skipsanalyser
- Spørsmål og diskusjon
- Avslutning

Bru 15-0788 Remøybrua (340m)



Vaulen





Eksisterande Remøybru

- Spesialinspeksjon 2023 – Cowi
- Fleire tidlegare bereevne-berekningar
- Årlege inspeksjonsprogram
- Vedlikehald av rekkverk: 2023
- Planlegg lysregulering og innsnevring av møteplass i 2025
- Planlegg inspeksjon av spennkablør i 2025
- Planlegg bereevne-berekningar av hovedspenn i 2025

Politisk behandling

- 2022.09.29 Samferdselsutvalet – SA 0080/22

Utskifting av bruer, prioritering og framdrift reguleringsplanlegging

- 2023.03.01 Samferdselsutvalet – SA0021/23

Fv. 5876 Kryssing av Nørdre Vaulen i Herøy kommune – Oppstart av planprosjekt

- 2023.04.13 Fylkesutvalet – U0043/23

Fv. 5876 Kryssing av Nørdre Vaulen i Herøy kommune – Oppstart av planprosjekt

- 2023.04.24 Fylkestinget – T0015/23

Fv. 5876 Kryssing av Nørdre Vaulen i Herøy kommune – Oppstart av planprosjekt

- 2023.05.30 Utbyggingsutvalet for bygg og vegsaker – UBV0017/23

Kryssing av Nordre Vaulen – Orientering om planleggingsprosess

Områderegulering – Oppstart 07.11.2024



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kystverket si rolle i planarbeidet

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, tryggleik på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Kystverket utøvar myndigheit etter hamne- og farvasslova saman med kommunane. Hamne- og farvasslova skal fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennleg drift av hamn og bruk av farvatnet, samtidig som ein skal ta omsyn til et konkurransedyktig næringsliv.

Kystverket skal sikre hamne- og sjøtransportinteresser i planprosessar. Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegging på våre nettsider¹.

Kystverket sine vurderingar og innspel til planarbeidet


Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider med Herøy kommune om å utarbeide ein områdeplan som skal leggje til rette for ei ny kryssing over Nørdre Vaulen. Den eksisterande Remøybrua vart opna i 1966 og er no i dårleg stand med alvorlege skadar i berekonstruksjonen.



Planområdet omfattar Remøyholmen og Remøya på kvar side av Nordre Vaulen, sjå kartutsnitt i figur 1. Gjennom sundet er det registrert biled². Data frå Kystdatahuset viser om lag 2635 passeringar i 2023, der 1123 av desse er fiskefartøy, sjå figur 2 og 3.




Figur 1: Oversikt over reguleringsplanområdet.



Figur 2: Passeringar gjennom Nørdre Vaulen under Remøybrua i 2023. Data henta frå [Kystdatahuset](#) 07.11.2024.

Passeringer etter skipstype (10 største)



Figur 3: Passeringar under Remøybrua fordelt etter skipstype. Data henta frå [Kystdatahuset](#) 07.11.2024.

Leia er av stor lokal verdi, og store delar av trafikken gjennom sundet er fartøy som høyrer til det lokale maritime miljøet, samt losbåt og ambulansebåt.

Eksisterande bru, Remøybrua, har ei vertikal klaring («friseglingshøgde») på 17 meter. Det er avgrensa breidde på den oppmudra kanalen under brua, noko som igjen avgrensar storleiken på fartøy som kan passere gjennom Nørdre Vaulen.

Kystverket vil vente med å legge føringar for seglingshøgde for ny bru inntil det er gitt signal om kva funksjon leia har i dag og kva funksjon den eventuelt vil kunne ha i framtida.

Gjennom byggeperioden vil Kystverket kunne godta at seglingshøgda er lågare for ei mellombels bru. Ambulansebåt og losbåt må kunne passere under anleggsperioden. Vi gjer merksam på at etablering av bruer, medrekna midlertidige bruer, krev løyve frå Kystverket, jf. hamne- og farvasslova § 14.

Vidare planprosess


Vi oppmodar fylkeskommunen til å fortsette samarbeidet med Kystverket og halde oss løpande orientert om planarbeidet.

Vidare kontakt i saka rettes til ingvild.paulsen.vie@kystverket.no og merkast med saksnr. 2024/4964.



Vurderingskriterier – Moglegheitsstudie

- 01 : Framkomeligheit og trafikksikkerheit for mye trafikantar
- 02: Framkomeligheit for ny veg
- 03: Klimagassutslepp
- 04: Konsekvensar for natur-landskap og kulturverdiar
- 05: Framkomeligheit på sjø
- 06: Kostnader
- 07: Risiko – Teknisk gjennomførbarheit
- 08: Risiko – Grunnforhold
- 09: Risiko – Gjennomføring og framdrift i planprosessen



Fylkestinget, T 14/25 – Vidare planlegging for kryssing av Nørdre Vaulen i Herøy kommune, fv. 5876 – Vedtak

- 1. På bakgrunn av usikkerheit knytt til kostnader og konsekvensar ved alternativa, ber fylkestinget om at administrasjonen:**
 - Kvalitetssikrar og oppdaterer kostnadsoverslaga og konsekvensvurderingane for alternativ 1, 2 og 8.

Dette skal inkludere:

 - investerings- og driftskostnader,
 - konsekvensar for natur, miljø og kulturminne,
 - kostnader og konsekvensar knytt til grunnnerverv, mogleg innløyising av eigedomar, samt kostnad knytt til eventuell endring av kommunedelplan
 - Vurderer tiltak for å redusere ulempene ved alternativ 1, særleg med omsyn til påverknad på busetnad og nærmiljø, i tett dialog med Kystverket.
- 2. Fylkestinget ønsker å sikre at alle partar opplever å bli høyrte, sett og inkludert i prosessen, og meiner difor det er rett å bruke litt meir tid før endeleg vedtak vert fatta.**
- 3. Saka skal leggjast fram for behandling i samferdselsutvalet, før ho kjem attende til fylkestinget til behandling.**
- 4. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren gå i vidare dialog med Kystverket om behovet for seglingshøgda til brua, for å redusere kostnadane på prosjektet. Ei eventuell lågare seglingshøgde må vere høg nok til at redningsskøyta går under, slik at beredskapsfunksjonen ikkje blir svekka.**

Seglingshøgde



- Folkemøte 14. mai på Rådhuset i Fosnavågen kl. 18:00
- Viktig å avgjere framtidig seglingshøgde då dette påverkar bruhøgde, brulengde, m.m. Multiconsult utarbeider skipsanalyse.
- Viktige aktørar er losbåt, redningsselskapet og fiskerinæringa, m.m.
- Kystverket er myndigheit for seglingshøgde. Dei deltek på folkemøtet 14. mai.


Viktig at næringa deltar og kommer med innspill på framtidig seglingshøgde

Budsjettprioritering og fylkesveg




Verknader for andre tenesteområde


- Vedtak om satsing på fylkesveg påverkar heile fylkesbudsjettet
- Meir pengar til veg kan bety mindre til:
 - Vidaregåande opplæring
 - Tannhelse
 - Kollektivtrafikk
- Utbetring av éi vegstrekning kan gå på kostnad av andre.



Figur 6. Antall unike skip etter lengdegruppe for 2023 og 2024. (Kilde: kystdatahuset.no).



Figur 14. Antall unike fartøy etter skipskategori for 2023 og 2024 i utvidet område (Kilde: kystdatahuset.no).





K.03 Klimagass og K.06 Kostnader


	Alt 1	Alt 2	Alt 8
Brulengde	337 m	361 m	431 m
K.06 Kostnader (P50), 40% usikkerheit	893 MNOK	878 MNOK	964 MNOK
K.03 Klimagass Utslepp	6704 Tonn Co2-eq	6845 Tonn Co2-eq	7938 Tonn Co2-eq



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Presentasjon og referat med hovedpunkt legges på prosjektsiden

<http://www.mrfylke.no/nordrevaulen>





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Takk for oss

